



AGDER FYLKESKOMMUNE
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Vår ref:
2026/157-4

Sakshandsamar:
Sonja Lien Skjevraak
sonja.lien.skjevraak@bykle.kommune.no

Dato:
12.03.2026

Søknad om tilskot til møteplass i Bykle - Stadutvikling 2026 -fysiske tiltak

Bykle kommune søker med dette om kr 500 000 i tilskot til prosjektet møteplass i Bykle kyrkjebygd (prioritet 1).

Bakgrunn

Bykle kommune planlegg saman med Bykle og Hovden Vekst eit nytt sentrumsbygg i Bykle kyrkjebygd. Målet med sentrumsbygget er å flytte daglegvareforretninga nærmare busettinga, etablering av aldersvennlege leilegheiter, opprusting av uteområde, etablere kombinert sosial møteplass/venterom for reisande med kollektivtrafikk og offentleg toalett.

Moglegheitsstudien Bykle sentrum understøttar lokalisering og samling av sentrum. Prosjektet såg særleg på estetikk og utforming, nye aktivitetsområde, ferdselsårer, snarveggar, kulturstiar og forbindelsar som ein kan arbeide vidare med i etterkant for at folk skal både ha funksjonalitet og tilgjengelegheit i kvardagen og tilgang til opplevingskvalitetar i nærmiljøet og kulturlandskapet rundt.

Oppfølging av kommuneplanen

Etableringa følgjer opp samfunnsdelen sitt satsingsområde *Stadutvikling i Bykle* gjennom prioritering av:

- Utviklingsarbeid for Bykle kyrkjebygd med vekt på bustadattraktivitet, nærings- og attraksjonsutvikling basert på lokale fortrinn og stadkjensle
- Lokalisere og utvikle pilotprosjekt knytt til arbeid og inkludering til Bykle.
- Utvikle lågterskel møteplassar, m.a. gjennom samlokalisering og sambruk av bygg.
- Kommunale ressursar til tilrettelegging og investering kommunal infrastruktur og anlegg i Bykle kyrkjebygd.

I tråd med satsinga er sentrumsprosjektet i Bykle kyrkjebygd innstilt på 1. prioritet av kommunestyret.

Avklaring av tiltaket jf. lovverk

Planprosess for regulering av området jf. plan og bygningslova er sett i gang. Det er politisk vedtak om arbeide med realisering av nytt sentrumsbygg og det er sett av midlar til prosjektet i budsjettet. Bykle kommune er grunneigar og byggherre for tiltaket.

Relevans for tilskotsordninga

Heile prosjektet er ein transformasjon av eit grått areal med formål om trygg tilkomst til området for alle. Området ligg i gangavstand for mange fastbuande.

Etablering av møteplass inkl. offentlig toalett i sentrumsbygget vil legge til rette for uformelle sosiale treff og vere allment tilgjengeleg. Den tidlegare bensinstasjonen fungerte som møteplass, men er nå nedlagt. Den nye møteplassen inkl. toalett blir universelt utforma.

Tilskotet gjer det mogleg å utforme denne møteplassen slik at endå fleire kan ta den i bruk og at den fungerer godt som ein sosial arena.

Utforming av møteplassen

Det nye sentrumsbygget ligg i gangavstand frå busetnad i Bykle kyrkjebygd og langs rv9. Tilkomsten er felles med inngang til daglegvarebutikken. Busshaldeplassen er like i nærleiken slik at lokalet kan bli brukt som venterom også. Opphaldsarealet er 30 m². Møteplassen vil bli møblert med sosiale soner med funksjonelle møblar, og den sentrale plasseringa gir anledning til å følgje med på dagleglivet og aktiviteten i nærområdet. Møteplassen vil vere open i opningstida til butikken medan toalettet vil vere ope heile døgnet.

Inkludering av etablering av møteplass i arbeidet med sentrumsbygget er spelt inn av kommunen med tanke på inkludering, trivsel og allmenn tilrettelegging, men den vere til nytte for butikken også. Det er behov for offentlig toalett både for besøkjande og reisande med kollektivtrafikk, og det vil auke servicetilbodet i området.

Kostnadsoverslag

Møteplassen inkl. toalett er 39m². Det er estimert ein m²-kostnad på kr 18 000. Det gir eit kostnadsoverslag på kr 700 000 eks mva.

Basert på dette søker Bykle kommune om tilskot på kr 500 000. Det resterande blir dekket ved eigenfinansiering.

Andre dokument

Vedlagt er aktuelle politiske behandlingar og skisser av prosjektet med tilhøyrande framdriftsplan.

Vi står til disposisjon ved behov for ytterlegare informasjon og avklaringar.

Med helsing
Bykle kommune

Sonja Lien Skjevrak
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift.

Vedlegg:

- 1 Sentrumsbygg Bykle
- 2 Saksprotokoll Sentrumsbygg Bykle
- 3 Saksprotokoll Prioritering av søknadar
- 4 A10-1 Situasjonsplan
- 5 A20-101 1.ETASJE FORRETNING
- 6 A40-1 Fasader
- 7 A40-2 3D-illustrasjoner
- 8 260116 Framdriftsplan Sentrumsbygg

Kopi til:
Diderik Cappelen